

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 15.02.22

Vår ref: 2020/320
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 20/5146 - 21/77611

Alver kommune

Alver – høyring av utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel – uttale

Viser til brev av 17.11.21 frå Alver kommune om ovannemnde sak.

I forbindelse med Alver kommune sitt arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel vil ein peike på viktigheten av ivaretaking av fiskerinæringa. For at fiskerinæringa skal kunne skape verdiar for kystsamfunna av ressursane i sjø er det viktig at ein legg til rette for dette i planarbeid og samfunnsutviklinga elles i kommunen. Dette kan ein gjere ved mellom anna å sikre god infrastruktur til sjøs og på land, gode avfallsløysingar ved hamner og kaiar, og verne fiskeområde mot arealkonflikt og forureining. I tillegg er næringa avhengig av eit visst antal offentlege kaiar i kommunar langs kysten, som yrkesfiskarar kan nytte til liggjekai, eller gjeste-/nødhamn. Det er viktig at desse kaiane er godt merka, samt registrert i kartverktøy.

Ein er avhengig av at forvaltninga forstår problemstillingane som ofte kan vere unike for fiskerinæringa. Tiltak som kan verke små i det heilheitlege biletet, kan ha stor innverknad for den enkelte fiskar. Mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk. Fiskerinæringa treng forutsigbarheit og at tilhøva blir lagt til rette for verksemda på land, kystnært og til havs.

I utarbeidinga av planar er det viktig å sjå samanhengen mellom land- og sjøareala. Utbygging av fritidsbustadar og flytebrygger i strandsona ved område der det foregår fiskeriaktivitet kan ofte føre til areal- og interessekonflikter, der ålmenta forventar at yrkesfiskarane må vike. Av erfaring opplev ein at folk som ikkje er kjent med korleis dagens fiskeri blir utøvd, ser på det som støyande aktivitet - då dette skjer i same område som fritidsbebuarane ønskjer ro. Ein har i fleire område langs kysten eksempel på fritidsbebuarar som driv med truslar og hets av yrkesfiskarar, og herverk på deira utstyr. Dette kan ein ikkje godta. Fisket er lovleg, berekraftig og grundig regulert av offentlege mynde.



Ein opplev òg at økonomiske incentiv, som inntekter frå eigedomsskatt og havbruksfond, ofte kan gjere kommunar mindre næringsnøytral og i større grad akseptere mellom anna akvakulturverksemder eller anna verksemder som kan gå på bekostning av det marine liv og mogleiken til å drive yrkesfiske. Fiskeri blir ofte drive i naturgjevne område, som ikkje kan flyttast. Det er viktig at ein har ei nøytral heilheitleg planlegging og at det søkjast løysingar som sikrar fiskeriinteressene og god sameksistens. I tillegg til å unngå arealkonflikt i sjø må ein unngå negativ innverknad på det marine miljø. Her må ein eksempelvis vurdere kva eit større område toler av til dømes utslepp. Dette gjeld òg på tvers av kommunegrenser. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit rent og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel frå både land og sjø. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit rent og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Nordhordland Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Vest

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.